

Nr. 121.

CONCORDIASONGAR  
For blanda kor.

Avskrift av partitur  
eller stemmer er forbudt i følge lov.

Fedrelandet.

Tekst og tone  
av Johs. M. L. Rydland.

Harm. av Per Steenberg.

Soprano  
Alt  
Tenor  
Bass

I. Du gam - le, la - gre fe - dre - land med øy - ar kring di  
lan - ge strand, der Nord - sjø - byl - già går. Der fjord og vik seg  
tren - gjer inn og la - gar hamn mot ver - og vind i - gjen-nom tu - sen år.

2. Ditt trauste gråfjell tek i mot  
dei kvasse stormkast ved din fot,  
gjev livd til fjord og grend.  
Det speglar seg i blanke sjø,  
med toppen kledd i is og sno.  
Det langt til havs er kjend.

4. Din skog enn susar glad sitt kvad.  
Og glitrande på blom og blad,  
ligg dogg og skjelv i sol.  
Men snart du stend i kvite lin:  
Velkommen er han, snoen din  
når der lid fram mot jol.

3. Ditt måneskin, din elvesus,  
din fuglesong, din fossebrus,  
din bjølleklang i lid,  
din solflaum over dal og fjell  
ein fager vår- og sumarkveld,  
eg minnest all mi tid.

5. Her bur mitt folk: i dal, ved fjord,  
fra Lindesnes til lengst i nord  
der midnattsoli skin.  
Her leika dei i barndoms år,  
her dei den siste kvila får  
i kyrkjegården din.

6. Gud signe deg, du gamle land,  
i vinterstorm, i kveldsolbrand,  
frå fjell til ytste øy.  
Hans åsyn lyse mot deg ned.  
Han gjeve dine grenser fred,  
så aldri du må døy.

Forlagsrett: Concordia, Gjøvik